



Notat

Til: Jarle Landås

Kopi til:

Saksbehandler: Økonomisjef/Sveinung Kvamme

Vår referanse: 14/157 - 23 / FE - 210

Dato: 11.11.2014

Emne: Vurdering av investering iht kunstgrasbane Bø

Det har kome opp spørsmål om ein kan nytta investeringsmidlar i samband med tilskot til kunstrasbane på Bø. Problemstilinga knytt til drift eller investering er elles ei typisk «fattigkommunesak». Kommunar med god likviditet og grei driftsmargin, har som regel ingen problem med å gje slike tilskot over drifta.

Dette spørsmålet må vurderast i lys av kommunelova, og foreninga for god kommunal rekneskapsskikk (GKRS) sine standardar. GKRS sin førebelse standard nr 4, handlar om avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen.

For at ei utgift skal vera ei investering må det vera tale om kjøp (anskaffelse) av eigendalar som er bestemt til varig eige eller bruk, og som har vesentleg verdi.

Med «eige eller bruk» meiner ein ikkje nødvendigvis at det er det formelle eigartilhøve til eigendelen som skal leggjast til grunn. Det avgjerande er om kommune blir reell eigar eller medigar av eigendelen. Til vanleg vil formell overtaking av eigarrett reknast som «til eget eie eller bruk». Når ein vurderer kven som eig eigendelen, skal det leggjast stor vekt på disposisjonsrett og ansvar for forpliktingar knytt til eigendelen. Det betyr at kommunen kan reknast for eigar dersom «det vesentlegast av økonomisk risiko og kontroll knytt til eigendelen, eller kommunen sin del av den, er gått over på kommunen.

Om kommunen går inn som ein minoritetseigar, med t.d. 10%, kan ein kanskje føra denne 10%-delen som eit anleggsmiddel, og dermed føra kostnaden ved kjøpet i investeringsrekneskapen. Spørsmålet vert likevel om overtakinga er reell, eller om det berre er ein formalitet for å overføra pengar. Gjer ein eit slikt grep iht ny kunstgrasbane på Hordabø, vil det truleg koma ønskje om tilsvarande frå dei andre baneeigarane.

All praksis i Radøy kommune har vore at idrettslaga eig banene sine sjølv. Dette gjeld både grasbana på Sletta, Grønålen og kunstgrasbana på Sæbø. Eg kan ikkje sjå at kommunen skal endra praksis på dette.

Mogeleg tilskot til kunstgrasbane på Bø vert såleis ein kostnad som må førast over drifta.